

Vedlegg til søknad av 18.12.2019



<p>0 10 20 30m Målestokk 1: 1500 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 11.12.2019 13:39 Eiendomsdata verifisert: 11.12.2019 13:38</p> <p>GÅRDSKART 1263-221/1/0 Tilknyttede grunneiendommer: 221/1/0</p> <p><b>NIBIO</b> NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI</p>	<table border="1"> <thead> <tr> <th colspan="2">Markslag (AR5) 7 klasser</th> <th rowspan="2">AREALTALL (DEKAR)</th> </tr> <tr> <th>TEGNFORKLARING</th> <th></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fulldyrka Jord</td> <td></td> <td>17.2</td> </tr> <tr> <td>Overflatedyrka Jord</td> <td></td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td>Innmarksbelte</td> <td></td> <td>21.3</td> </tr> <tr> <td>Produktiv skog</td> <td></td> <td>38.5</td> </tr> <tr> <td>Annet markslag</td> <td></td> <td>1454.7</td> </tr> <tr> <td>Bebygd, samf., vann, bre</td> <td></td> <td>4152.4</td> </tr> <tr> <td>Ikke klassifisert</td> <td></td> <td>249.6</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td></td> <td>4402.0</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>1972.7</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>1972.7</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>7867.9</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td>7867.9</td> </tr> </tbody> </table> <p><i>Ny plaststret elvekant avmerket med kulepenne</i></p>	Markslag (AR5) 7 klasser		AREALTALL (DEKAR)	TEGNFORKLARING		Fulldyrka Jord		17.2	Overflatedyrka Jord		0.0	Innmarksbelte		21.3	Produktiv skog		38.5	Annet markslag		1454.7	Bebygd, samf., vann, bre		4152.4	Ikke klassifisert		249.6	Sum		4402.0			1972.7			1972.7			7867.9			7867.9	<p>Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnkart for gjenkjennelse.</p> <p>Arealstatistikk viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>— Arealressursgrenser</li> <li>■ Eiendomsgrenser</li> <li>● Driftssenterpunkt</li> </ul>
Markslag (AR5) 7 klasser		AREALTALL (DEKAR)																																									
TEGNFORKLARING																																											
Fulldyrka Jord		17.2																																									
Overflatedyrka Jord		0.0																																									
Innmarksbelte		21.3																																									
Produktiv skog		38.5																																									
Annet markslag		1454.7																																									
Bebygd, samf., vann, bre		4152.4																																									
Ikke klassifisert		249.6																																									
Sum		4402.0																																									
		1972.7																																									
		1972.7																																									
		7867.9																																									
		7867.9																																									



201/10455

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 04.02.2022  
**Vår ref.:** 201907907-7  
**Dykkar ref.:** 20/10455 - 22/6663

## **NVE si tilbakemelding - Bistand i sak - Ulovleg terrenginngrep på gnr. 221 bnr.1 - Eikefet - Alver kommune**

NVE syner til brev dagsett 31.01.2022. Saka gjeld bistand til kommune i høve ikkje- omsøkt tiltak i verna vassdrag. Kommunen ynskjer no attendemelding, der NVE vurderer om det kan vere like bra for elva at terrenginngrepet vert permanent og at ein alternativt kan ta sikte på legalisering av det ulovlege tiltaket.

### **Historikk**

NVE fekk i juli 2019 tips om at det vart utført tiltak i Eikefetelva. Meldar hadde ikkje kjennskap til eventuell sakshandsaming i dette tilfellet (ref.: 201907907-1).

NVE svarte ut bekymringsmeldinga med at tiltak i og langs verna vassdrag skal søkast om etter plan- og bygningslova og/ eller nydyrkingsforskrifta. Vidare skriv NVE at ei ev. retting bør handsamast med kommunale verkemiddel. NVE kan og vurdere om tiltaket fell inn under konsesjonsplikt etter vassressurslova (ref.: 201907907-2).

I brev (ref.: 201907907-4) spør kommunen om NVE har særskilte krav i høve tilbakeføring, og om det er særskilte forhald som må tilfredsstillast frå NVE sin ståstad.

Til dette skriv NVE at elveløpet bør få tilbake den opphavlege kapasiteten og funksjonen som det hadde før utfyllinga. Dette kan gjerast ved å nytte flyfoto og/ eller berekning av naudsynt kapasitet. Kommunen burde og vurdere om det er naudsynt å sikre elvekant/elvebotn for å unngå erosjon.

### **NVE si vurdering**

NVE skal vurdere tiltak opp mot §8 i vassressurslova; *ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.*



Eikefetelva er eit verna vassdrag, der verneverdiane er særleg knytt til urørtheit. Eikefetelva er eit kystnært vassdrag der elver og vatn er typisk for området og stadvis dominante i landskapet. Det er kort avstand frå fjell til fjord sett i høve hogdeforskjellen.

Elvene har stor vassføring og lågt næringsinnhald. Elveløpsformer med tilhøyrande aktive prosessar og biologisk mangfald inngår som viktige delar av naturmangfaldet.

**NVE vurderer vernegrunnlaget urørheit til først og fremst gjelde lengre oppe i vassdraget, og at tiltaket såleis ikkje har negativ verknad på ålmenne interesser i det aktuelle området.**

Det er kommunen som er mynde etter nydyrkingsforskrifta. Om kommunen meinat at tiltakshavar har gjennomført eit ulovleg tiltak, er det kommunen som føl opp dette.

Om kommunen er bekymra for situasjonen kring bruva dersom tiltaket vert ståande, rår NVE til at dette vert vurdert av konsulent med kompetanse innan hydraulikk.

**NVE vurderer det utførte tiltaket slik det er lagt fram til ikkje å krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.**

#### **NVE si rettleiing**

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE synar spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulempar for private interesser som følgjer av tiltaket.

Med helsing

Idun Nessestrand Vefring  
Overingeniør